



Norddal kommune

6210 VALLDAL

Vedtekter for Norddal Elverk AS

§ 1

Selskapet sitt namn er Norddal Elverk AS.

§ 2

Selskapet sitt forretningskontor er i Norddal kommune.

§ 3

Formålet med foretaket er:

å syte for sikker, rimeleg og rasjonell energiforsyning.

å arbeide aktivt for god energiøkonomi.

å driva anna verksemd knytte til dette.

§ 4

Selskapet sin aksjekapital er på kr. 50.000,- fordelt på 10 aksjar a kr. 5.000,- fullt innbetalt.

§ 5

Alle aksjane skal eigast av Norddal kommune. Omsetting av aksjar til andre krev endring av vedtektene jamfør § 12.

§ 6

Selskapet sitt styre skal ha 7 medlemmer og 7 varamedlemmer. 5 styremedlemmer og 5 varamedlemmer vert vald av generalforsamlinga. To styremedlem og to vara vert vald av og blant dei tilsette.

Generalforsamlinga vel leiar og nestleiar i styret. Alle val gjeld for 2 år.

Selskapet skal ha dagleg leiar som har rett og plikt til å møte i styret.

§ 7

Styreleiar kallar inn til styremøte så ofte han/ho finn det nødvendig eller når dagleg leiar eller ein av styremedlemmene krev det. Innkallinga skal til vanleg gjerast skriftleg og med opplysningar om kva saker som skal handsamast. Om mogeleg skal det vere ei veke varsel. Ved forfall skal varamedlemmer kallast inn.

Styreleiar leier møtet. Har leiar forfall, skal nestleiar leie møtet. Har begge forfall, vel styret sjølv møteleiar.

Styret er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemmene/varamedlemmene er tilstades. Er røystetalet likt, er møteleiar si røyst avgjerande.

Dagleg leiar møter med tale- og forslagsrett, men utan røysterett.

§ 8

Styret har ansvar for at selskapet vert drive i samsvar med lover og vedtekter.

Forvaltninga av selskapet høyrer under styret, som skal syte for tilfredsstillande organisering og forretningsmessig forsvarleg drift av selskapet.

Saker som skal handsamast av styret:

fastsetje budsjett og arbeide aktivt med strategier samt vedta strategiplan.

gjere framlegg om resultatrekneskap og balanse med disponering av årsoverskot eller dekning av underskot.

tilsetje og eventuelt seie opp dagleg leiar og fastsetje løna for denne.

Styret kan delegere deler av sin kompetanse til dagleg leiar.

§ 9

Selskapet vert teikna av styreleiar saman med ein styremedlem.

Styret kan gje prokura.

§ 10

Ordinær generalforsamling skal haldast kvart år innan utgangen av juni måned.

Ekstraordinær generalforsamling skal haldast når styret, revisor eller aksjeeigar krev det.

Generalforsamlinga vert innkalla skriftleg av styreleiar med minst 14 dagars varsel. Innkallinga skal nemne dei sakene som skal handsamast på møtet, og saksdokumenta skal sendast med.

Styreleiar opnar generalforsamlinga. Deretter vel generalforsamlinga møteleiar.

§ 11

Ordinær generalforsamling skal handsame desse sakene:

Fastsetje resultatrekneskap og balanse, med disponering av overskot eller dekking av underskot.

Val av styremedlemmer og varamedlemmer med leiar og nestleiar anna kvart år.

Val av valkomite på 3 medlemmer året etter styreval. Komiteen skal førebu val av styremedlemmer til neste års styreval.

Val av revisor.

Fastsetje honorar for styremedlemmer og revisor.

Etter framlegg frå styret godkjenne opptak av større lån, pantsetjing eller sal av eigedom av vesentleg verdi.

Drøfte rammer for selskapet si verksemd.

Gjere vedtak i andre saker som vert lagt fram for generalforsamlinga.

§ 12

Endring av vedtektene krev 2/3 fleirtal av dei avgitte røystene i generalforsamlinga.

§ 13

Så langt ikkje anna går fram av selskapet sine vedtekter, gjeld aksjelova slik ho lyder til ei kvar tid.